Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Vår dato: 08.10.2026
Vår ref: 2007/2053
Deres dato:
Deres ref:

ATTVIN AS
Alvikvegen 194
6019 ÅLESUND

Saksbehandler, innvalgstelefon
Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Tilsyn hos Attvin AS i Ålesund kommune - Inspeksjonsrapport 2026.051.I.SFMR

Denne rapporten omhandlar forhold som ble avdekt under tilsyn hos Attvin AS (verksemdnummer. 932788284) den 16. september 2026.

Del 1: Resultatet av tilsynet

Her gir vi ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere til gitte fristar.
Nærmare skildring er gitt i del 2.

Statsforvaltaren avdekka avvik som de må rette snarast

- **Avvik 1**: Lagring av avfall i rundballar overstig ramma i løyve
- **Avvik 2**: Lagring og omlasting til forbrenning skjer utanfor bygg med tre vegger og tak
- **Avvik 3**: Asbest var ikkje emballert
- **Avvik 4**: Deler av anleggsområdet var prega av forsøpling
- **Avvik 5:** Avløpsslam utanfor konteiner
- **Avvik 6:** Manglande informasjon, kontroll og kompetanse på handtering av hageavfall.

Avvik er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1, 2, 3, og 4. Attvin AS må snarest rette opp avvika. Statsforvalteren ber om ein skriftleg tilbakemelding som syner korleis avvik er **retta innan 15.november 2026**. For avvik 2 ber vi om ei plan for lukking av avviket, der plana skal vere datofesta og lukking av avviket skal skje så raskt som mogleg. Frist for innsending av plan er **15. november 2026**.

De må betale gebyr
Attvin AS må betale eit gebyr på 43 100 kr for tilsynet. Gebyret dekker kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen.

Vi ber om tilbakemelding fra de på e-post
Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfmrpost@statsforvalteren.no, innan 15.11.2026. Merk svaret med saksnummer 2007/2053 og tilsynsnummer 2026.051.I.SFMR .

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Lagring av avfall i rundballar overstig ramma i løyve

Dette er et avvik fra følgande krav gitt i regelverket

- Tillatelse til mottak, mellomlagring og behandling av ordinært avfall og farlig avfall fra Attvin AS i Ålesund kommune, punkt 1.3.1 Mottak og mellomlagring av husholdnings- og næringsavfall og punkt 3.3 Sortering og lagring av avfall
- Forurensingsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 nummer 1d.

Skildring av krav
Det er i tabellen i punkt 1.3.1 satt krav om at maksimal mengde på lager for «Sortert restavfall fra andre avfallsanlegg lagret i baller» er 3000 tonn, med ei maksimal lagringstid på 12 månadar. Det står videre at all lagringa skal skje på tett dekke i bygg med tre veggar og tak. Under tilsynet ble det lagt vekt på at lagring av rundballar skal skje på tett dekke.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
På tilsynsdagen var det store mengder rundballar som var lagra på fleire ulike område i anlegget. Det blei opplyst frå verksemda at det to dagar før tilsynet hadde vore ca 10.800 rundballar i anlegget, og det blei anslått at snittvekt på rundballane var ca 450 kg, noko som utgjer langt over tillat lagringsmengde.
Ikkje alle lagerområda for rundballar hadde tett dekke. Mange av rundballane hadde skader i form av hol i plastemballasjen, og enkelte stader hadde avfall kome ut av emballasjen. Når rundballane er skada og vatten kjem i kontakt med avfallet får ein uønskt avrenning til grunn. Hol i rundballane bidreg i tillegg til forsøpling.

Verksemda har også tidlegare fått avvik på lagring av rundballar og kva som er forventa av verksemda bør derfor vere kjent. Avviket er alvorleg fordi det er gjentakande.

Bileta under syner lagring av rundballar

Bildane viser lagring av rundballar på verksemda sitt område

Avvik 2: Lagring og omlasting til forbrenning skjer utanfor bygg med tre vegger og tak

Dette er eit avvik frå følgande krav gitt i regelverket
Tillatelse til mottak, mellomlagring og behandling av ordinært avfall og farlig avfall fra Attvin AS i Ålesund kommune, tabell 1.4 behandling av ordinært avfall og punkt 3.3 Sortering og lagring av avfall.

Skildring av krav
Det går fram av løyve at omlasting til forbrenning skal skje i bygg med tre vegger og tak, det same gjeld når ein kvernar avfall, med unntak av trevirke og hageavfall. Omlasting av avfall er omtalt i punkt 3.3. kor det er står at aktiviteten skal skje i bygg med tre vegger og tak, det er i tillegg satt krav om at ein skal ta omsyn til vind og at aktiviteten skal skje i bygg med tre veggar og tak, ein skal vere nærare opninga enn ein meter.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
Ved tilsyn såg vi at omlasting til forbrenning gjekk føre seg ute. Linja som indikerer at ein er 1 meter innanfor er ikkje synleg. I følgje representant frå verksemda har det aldri vert laga ei linje, slik det er satt krav om i løyve. Av løyve går det fram at omlasting av slam, sil- og rist gods skal skje inne i dette bygget, men på tilsynsdagen var denne konteinaren plassert lengst ute på plassen.

Sortering av avfall utanfor bygg med tre veggar og tak har det også tidlegare har vore gitt avvik på, og avviket blir derfor betrakta som alvorleg.

Bildet syner dei same konteinarane som bilete over. I tillegg kan vi sjå konteinar med avløpsslam, merka med raud firkant

Avvik 3: Asbest var ikkje emballert

Dette er et avvik fra følgande krav gitt i regelverket
Tillatelse til mottak, mellomlagring og behandling av ordinært avfall og farlig avfall fra Attvin AS i Ålesund kommune, punkt 3.1. Mottak og punkt 3.4 Lagring av farlig avfall.
Avfallsforskriften kap. 11, vedlegg 4 , 1 a og b

Skildring av krav
Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll som sikrar at avfall som kjem inn er i tråd med løyve. Farleg avfall skal lagrast på en slik måte at det ikkje oppstår fare. Verksemda skal etablere tilstrekkelege rutinar og system for raskt å oppdage og korrigere avvik.
Det går fram av avfallsforskriften kap. 11 vedlegg 4, 1 a og b at farleg avfall skal lagers på en slik måte at faren for forureining vert avgrensa i størst mogleg grad. Farleg avfall skal ha tilstrekkeleg tilsyn.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
På tilsynsdagen var det plater av asbest/etternitt som låg utan innpakning oppå ein pall med innpakka asbest. Det var og noko som kunne vere ei plate av asbest som låg på bakken mellom pall med asbest og konteiner. Ein spiss av asbest som stakk ut frå ein emballert pall.
Det blei stilt spørsmål om golvbelegg som var oppbevart i same område, kunne innehalde asbest, noko vi ikkje fekk eit klart svar på.

Det var fleire pallar som var merket asbest på området utanfor lageret for farleg avfall. Vi gjer merksam på at asbest har avfallsstoff nr. 7250 og dette nummeret er ikkje spesifiser i løyve. Asbest går derfor under kategorien «Annet farlig avfall» og det kan berre oppbevarast maks 1 tonn av denne kategorien på verksemda sitt område. Ut fra tal pallar har vi grunn til å tru at det var meir enn 1 tonn. Vi er kjent med at de kan ta imot asbest, men de må ikkje overskride mengda de har lov å ha på lager.

Verksemda skal ikkje ta imot ikkje-emballert asbest grunna fare for spreiing og helsefare, og avviket er difor alvorleg.

Avvik 4: Deler av anleggsområdet var prega av forsøpling

Dette er eit avvik frå følgande krav gitt i regelverket
Tillatelse til mottak, mellomlagring og behandling av ordinært avfall og farlig avfall fra Attvin AS i Ålesund kommune, punkt 2.3 Plikt til forebyggende vedlikehold og punkt 3.6 Nærmiljøet.

Skildring av krav
Verksemda skal sjå til at anlegget og området rundt anlegget ikkje vert forsøpla. De skal hindra at flygeavfall oppstår og opprydding skal skje fortløpande og ved behov.
Det står i vidare i punkt 3.6. at Verksemda plikter å holde anlegget og områda omkring, inkludert nærmaste tilførselsveier i orden og fri for forsøpling.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
Etter å ha gått igjennom store delar av området vart det konstatert at det ligg meir avfall på bakken enn det som er akseptabelt. Som bileta syner er det blant anna forsøpling bak miljøstasjonen og det kan sjå ut til at avfallet har vore her ei stund. I tillegg såg vi at det låg avfall bak konteinarar og gjenstandar som står lagra. Det er også avfall frå rundballar, omtala i avvik 1.

Det vart gitt avvik på same hending i 2024, og difor blir forsøplinga sett på som eit alvorleg avvik.

Første bilde er frå baksida av miljøstasjonen. Når vi gjekk rund i anlegget såg vi fleire stadar at det var øydelagte rundballar der søppel hadde falt ut.

Avvik 5: Avløpsslam utanfor konteinar

Dette er eit avvik frå følgande krav gitt i regelverket
Tillatelse til mottak, mellomlagring og behandling av ordinært avfall og farlig avfall fra Attvin AS i Ålesund kommune, punkt 1.7 Avløpsslam og fiskeavfall med antibiotika og punkt 3.3
Løyve er gitt med grunnlag i dei opplysningar som har blitt gitt i søknaden, jf. vedtaksbrev datert 3.12.19, endringsnummer 2.

Skildring av krav
Det går tydeleg fram av løyvet at mottaksområde for slam skal ha tett plate med avrenning til sluk, det skal ikkje vere avrenning frå område og at plata skal haldast fri for avfall. Det går fram av søknaden datert 7.august og 25. oktober 2019, at slam skal tippast i tett slamkonteinar med lokk, og dette skal gjerast på mottaksområde med støypt plate med avsig til sluk. Plata skal ryddast ved arbeidsdag slutt. Det er vidare beskrive at slam vil oppbevarast i lukka konteinar.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
På tilsynsdagen var det tydeleg at ein del slam hadde kome utanfor konteinarane og at sluken som skulle fange opp eventuelt søl ikkje fungerte. Vi observerte at det rant overvatn, som hadde vore i kontakt med avløpsslam, ut av området til grøft langs vegen. Den eine konteinaren var i tillegg så full at slam rann ut. Det slammet som låg på bakken bar preg av å ha vert der ei stund. Sjå bilde under.

Avvik 6: Manglande informasjon, kontroll og kompetanse på handtering av hageavfall.

Dette er eit avvik frå følgande krav gitt i regelverket
Tillatelse til mottak, mellomlagring og behandling av ordinært avfall og farlig avfall fra Attvin AS i Ålesund kommune, punkt 1.6.1 til og med 1.6.7 og punkt 2.6 Informasjon til kundar

Skildring av krav
Det går fram av løyve kor lang lagringstid det er for dei ulike prosessane, og at det er krav om kompetanse til personell som handterer hageavfall. Det skal vere mottakskontroll av hageavfall før og under lossing, og det skal vere etablert eit avvikssystem i samband med mottakskontroll. Det er satt krav til utforming av anlegget. Komposteringsanlegget skal blant anna ha fast dekke med avrenning til sluk. Verksemda skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva avfall dei kan levere og korleis levering og sortering skal skje.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
Det er ikkje kontroll med mottak av hageavfall, og det vert ikkje gitt informasjon til dei som leverer hageavfall om kva som er fremmande arter og kordan desse skal bli handtert. Det er ikkje mogleg for kundane sjølv å sortere ut fremmande artar og levere desse trygt. Det kan sjå ut til at hageavfallet har vore lagra lenger enn fristen i løyvet som er 3 månadar. På spørsmål om når det sist vart kverna hageavfall og mottaket tømt, er svaret at det var før sommaren.

Det blei spurt om kompetanse til dei som jobbar med hageavfall, og vi fekk tilsvar at det jobbes med ein opplæringsplan. Vi meiner ut frå dette at kravet om kompetanse ikkje var ivaretatt på tilsynsdagen.

Vedtak om gebyr

Vi syner til varsel om gebyr, som vart delt ut ved tilsynet den 16.9.2026. Statsforvalteren vedtar at Attvin AS må betale et gebyr på 43 100 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av brukt og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forurensningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvalteren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområde. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi syner til varsel om gebyr av 16.9.2026 og til forurensningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør vere skriftleg grunngjeven og må bli sendt til statsforvaltaren innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ei eventuell klage vil ikkje få oppsettande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom vi tek klaga til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova vert overhalde. Vår heimel til å føre tilsyn er forurensningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Attvin AS sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltarens sitt risikobaserte tilsyn.

Frå statsforvalteren deltok

- Gunnhild Liva Austvoll
- Kristin Eide

Frå verksemda deltok

- Daniel Dahl
- Kjetil Larsen Hagen
- Øystein Solevåg, deltok på den avsluttande delen

Tema kontrollert

- Mottak og oppbevaring av avfall
- Handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- Mengde rundballar på lager

Regelverk

- Forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- Løyve etter forurensningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

Framlagt dokumentasjon

Framlagt dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske forhold under tilsynet:

- Prøver som er tatt i forhold til tabell 4.1 i løyve.

Del 4: Annan informasjon

De har høve til å kommentere på rapporten

De har anledning til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg

Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via Statsforvaltaren sin postjournal på einnsyn.no, i tråd med offentlegheitslova.
Rapporten vil også være tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med hilsen

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Gunnhild Liva Austvoll
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ÅLESUND KOMMUNE **Postboks 1521** **6025** **ÅLESUND**